



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 19.03.18

Klokkeslett: 16.30 – 19.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Ingrid Sponheim

Lars Helge Ljone

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saksliste

- | | |
|-------|---|
| 01/18 | Meldingar |
| 02/18 | Høyring – Fjerning av Hjorteviltforskrifta § 30 |
| 03/18 | Regulering av prisar for fellesfiskekortet |
| 04/18 | Reforhandling av avtale – Utleige av Sankebu |
| 05/18 | Fjerning av Vargebua |
| 06/18 | Rypejakt – opning etter 5 år med freding |
| 07/18 | Prisar for villreinjakt i Ulvik statsallmenning |
| 08/18 | Rekneskap 2017 |
| 09/18 | Budsjett 2018 |
| 10/18 | Forsikring |
| 11/18 | Kvoteframlegg villreinjakt 2018 – Hardangervidda villreinområde |
| 12/18 | Årsmelding 2017 |
| 13/18 | Fiskeslepp 2018 |
| 14/18 | Revidert samjaktavtale med Øvre Numedal fjellstyre |

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 02/18 Meldingar**19.03.18**

Meldingar frå	Innhald
01/18 NVE	Orientering om tilråding til OED om konsesjon for overføring av Våtekleivbekkane til Lang – Sima i Ulvik herad og Eidfjord kommune, Hordaland
02/18 Fjellstyra på Hardangervidda (FH)	Signert Samarbeidsavtale mellom Ulvik fjellstyre og FH
03/18 Hardanger Tingrett	Erstatning knytt til bygging av kraftledning Sima - Samnanger
04/18 Ulvik herad	Melding om nytt matrikkelførd punktfeste. Dyrahola gnr. 38/1/43
05/18 Røldal fjellstyre	Møtebok
06/18 Rauland fjellstyre	Møtebok
07/18 Gjensidige	Avrekning – nytt tilbod på forsikring
08/18 Ulvik fjellstyre	Løyve – snøscooter
09/18 Ulvik fjellstyre	Løyve – snøscooter
10/18 Ullensvang fjellstyre	Møtebok
11/18 Ullensvang fjellstyre	Årsmelding
12/18 Odda fjellstyre	Møtebok
13/18 Odda fjellstyre	Årsmelding

Harald las opp meldingane

Saksdokument:

Vedtak frå handsaming i fjellstyra på Hardangervidda

Saksutgreiing:

Syner til saksutgreiing gjort av FH as

Referat:

Vedtak frå handsaming i FH vart sendt ut til fjellstyremedlemmene før høyringsfristen var gått ut. Det var ingen innvendingar eller nye innspel til framlagt vedtak.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre støttar framlegg til uttale gjort av styret i FH as og stiller seg bak dette.

Vedtak:

Samrøystes

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske er førande for fastsetjing av prisar. Direktoratet fastset makspris for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket fram til 2021 er fyljande:

Dagskort: 100,-

Vekseskort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Ulvik fjellstyre med på fellesfiskekortet saman med Røldal, Ullensvang og Eidfjord. I dag kostar eit årskort kr. 500,- og eit vekeskort kr. 300,-. Prisane har etter det sakshandsamar veit ikkje vore justert på minimum 15 år.

På fellesfiskekortet kan ein etter prisramma ha prisar opp til det dobbelte av prisramma i forskrifta. Administrasjonen i dei ulike fjellstyrta har vorte einige i om å foresla nye prisar på fellesfiskekortet fom inneverande år til kr. 500,- for vekeskort og kr. 1.000,- for årskort. Sakshandsamar tilrår Ulvik fjellstyre om å vere med på denne justeringa.

Framlegg til vedtak:

Prisane på fellesfiskekoret vert auka til kr. 500,- for vekeskort og kr. 1.000 for årskort.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 18/17 Reforhandling av avtale – Utleige av sankebu

19.03.18

Saksdokument:

Framlegg til ny avtale – utleige av Sankebua i Austdalens

Saksutgreiing:

Sankebu i Austdalens har dei siste åra vore utleigd til Lars Johan Tveit og Nils Tore Skjerdal som har beiteretten i Austdalens.

Det er nokre punkt i avtala som fjellstyre meinar ikkje har vorte fylgd opp av leigetakarane, og fjellstyre ynskjer no å sjå på gjeldane avtala.

Knut Sygnestveit og Atle Ulgenes har vore i møte med Skjerdal og Tveit, og det er laga eit framlegg til ny avtale som vert lagt fram for handsaming i styret.

Referat:

Styret gjekk gjennom framlegg til ny avtale. Det vart gjort nokre få justeringar i høve innhald i enkelte punkt i avtala.

Framlegg til vedtak:

Ny avtale mellom Ulvik fjellstyre og Lars Johan Tveit/Nils Tore Skjerdal vert godkjend med dei justeringane som er gjort.

Vedtak:
Samrøystes

Sak 05/18 Fjerning av Vargebua

19.03.18

Sakdokumet:
Ingen

Saksutgreiing:

Dette er ein gammal sak, der fjellstyret i 2008 handsama saka med vedtak om å fjerne bua. Etter Kristin Midtmageli byrja i Statskog har ho rydda litt i gamle saker og fann m.a. saka der det vart vedteke at bua skulle fjernast.

I mellomtida har det vore noko korrespondanse mellom Midtmageli og sakshandsamar, og det vart i sak 18/16 vedteke at underteikna skulle ta kontakt med Håkon Øydvin i Aurland fjellstyre for å få ein oversikt over status på bua.

Det vart i vedteke at « Om bua ikkje er til berre for folk eller dyr, m.t.p. at ho skal rase saman. ynskjer fjellstyret at bua skal stå slik at ho kan være eit krypinn for jegerar og fjellfolk. Visar det seg at bua ikkje er tenleg som overnatningsstad skal ho sanerast/rivast og fjernast».

Etter å ha vore i kontakt med Øydvin har underteikna inntrykk av at bua er i dårlig forfatning, og bør sanerast.

Framlegg til vedtak:

Vargebua vert sanert vinteren/våren 2018, og bygningsrestar vert frakta ut og deponert i konteiner ved Finse Stasjon. Arbeidet vert utført av Hardangervidda fjelloppsyn.

Vedtak:
Samrøystes

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Etter 5 år med freding av rypa på Ulvik Statsallmenning ser ein no at bestanden har teke seg opp att. Om det er fredinga som har gjort dette skal ikkje seiast, men det er i alle fall meir rype å sjå i fjellet. Mesteparten av arealet i allmenningen ligg høgt, frå 1100 – 1800, og fjellrypa er dominerande. Takseringar gjort andre stadar på Hardangervidda tydar på oppgang, noko oppsynet og andre brukarar av fjellet og ser.

Sakshandsamar vil tilrå at ein no opnar for rypejakt i Ulvik Statsallmenning. Det vert fritt kortsal som før, men at ein regulerer jakta ved å sette kvoter for vedtak. Jakta startar 15. september, og siste jaktdag vert 23. desember. Det vert m.a.o. ikkje opna for vinterjakt.

Vedtaket kan påverke naturmangfaldet og ein må difor ta omsyn til §§ 8-12 i Naturmangfaldlova:

§ 8 – Kunnskapsgrunnlaget

- Takseringar andre stader på vidda gjev indikasjonar på at det er meir rype å no enn tidlegare år.
- Observasjonar av rype gjort av villreinjegerar, oppsyn og andre brukarar av allmenningen tyder på eit oppsving i bestanden
- Det er observert mykje smågnagarar i fjellet, noko som me veit fører til mindre predasjon av rypa.

§ 9 – Føre-var-prinsippet

- Da rypa vart freda i 2013 tok fjellstyret omsyn til føre-var-prinsippet. Rypa vart freda på grunnlag av låg bestand og få observasjonar av flokkar.
- Ved å innføre kvoter vil ein forhindre stort uttak.

§ 10 – Samla belastning

- Det å igjen opne for rypejakt vil ha liten effekt på den samla belastninga på naturmangfaldet/økosystemet. Det er pr. i dag mange som brukar allmenningen, som t.d. villreinjegerar, fiskarar, turgårarar og andre. Om det vert noko meir aktivitet i dette området vil ikkje den samla belastninga verta veldig mykje større.

§12 – Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

- Det vert nytta bil eller tog for å koma inn i allmenningen. Jegerane tek seg opp på fjellet og inn i allmenningen på ein asfaltert anleggsveg som vart bygd tidleg på 70-talet i samband med kraftutbygging. Elles nyttar jegerane Bergensbana med stoppestader på Finse eller Hallingskeid. Det er vurdert at denne måten å ta seg inn i allmenningen på ikkje gjer stor skade på naturmangfaldet.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre opnar for rypejakt frå hausten 2018. Jakttida vert sett til 15.09 til 23.12. Det vert opna for fritt kortsal, og jakta vert regulert med følgjande kvoter:

Dagskvote: 2 ryper

Vekkevote: 5 ryper

Sesongkvote: 8 ryper

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 23

Vedtak:

Samrøystes

Sak 07/18 Prisar for villreinjakt i Ulvik statsallmenning**19.03.18****Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre vedtok i førre møte at ein ikkje skulle aukeprisane på villreinkorta. No har fleire av fjellstyra rundt Hardangervidda teke opp prisane for villreinjakt til handsaming.

Sakshandsamar finn det riktig å auke prisane på villreinkorta slik at fjellstyra rundt vidda har ein rimeleg lik pris. Pr i dag har Ulvik fjellstyre følgjande prisar:

Fritt dyr: 1.700,-

S/U: 1.000,-

Kalv: 500,-

Her er nokre vedtak frå andre fjellstyre på Hardangervidda:

Fritt dyr: 2.400,- Fritt dyr: 1.900,-

S/U: 1.600,- S/U: 1.200,-

Kalv: 600,- Kalv: 600,-

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre tek omsyn til at mange av fjellstyra rundt Hardangervidda har auka prisane for jakt på villrein, og aukar prisane til:

Fritt dyr: 1.900,-

S/U: 1.200,-

Kalv: 600,-

Vedtak:

Samrøystes

Saksdokument:
Rekneskap 2018

Framlegg til vedtak:
Styret tar rekneskapen 2017 som syner eit overskot på kr. 192.605,- til vitring

Vedtak:
Samrøystes

Saksdokument:
Budsjett 2018

Saksutgreiing:
Budsjett er laga ut i frå at det vert opna for rypejakt og at ein aukar prisane på villreinkorta i tråd med framlegg i sak 07/18

Framlegg til vedtak:
Styret tar budsjett for 2018 til vitring.

Vedtak:
Samrøystes

Saksdokument:
Nytt tilbod fra Gjensidige

Saksutgreiing:
Fjellstyret vedtok på førre møte at dagleg leiar skulle ta kontakt med Gjensidige for å reforhandle forsikringspremien. Dagleg leiar sendte Gjensidige e-post og fekk til svar at dei kunne redusere premien frå om lag kr. 30.000,- til kr. 26.000,-. I tillegg får fjellstyret tilbakebetalt om lag kr. 3000,- i slutten av kvart år, så den totale premien vert 23.000,-

Fjellstyret må ta stilling til om dei vil fortsette avtalen med Gjensidige, eller om ein skal sjå seg etter andre tilbydarar.

Framlegg til vedtak:

Styret aksepterer nytt tilbod frå Gjensidige, og ynkjer difor å halde fram med avtala som tidlegare.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 11/18 Kvoteframlegg villreinjakt 2018 – Hardangervidda villreinområde 19.03.18

Saksdokument:

Høyring villreinkvote Hardangervidda 2018

Saksutgreiing:

Gjennom teljingar sidan 2013, saman med andre observasjonar tydar for at det har vore ein betydeleg bestandsnedgang fram til i dag. Bestandsstorleiken er sannsynleg under 8000 dyr. Før kalving er bestanden truleg på berre rundt 7000 dyr.

Villreinutvalet har kome med framlegg til kvote på 1500 dyr fordelt på 50 % frie dyr, 25% simle/ungdyr og 25 % kalv. Utvalet ynskjer eigne kalvekort.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre er samd i Hardangervidda villreinutval si vurdering av bestandsstorleik og villreinkvote for 2018

Vedtak:

Samrøystes

Saksdokument:
Årsmelding 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:
Årsmelding for 2017 vert godkjend med nokre merknadar.

Vedtak:
Samrøystes

Saksdokument:
Oversikt over tidlegare fiskeslepp i Ulvik Statsallmenning.

Saksutgreiing:
Ulvik fjellstyre har god oversikt over alle fiskeslepp i Ulvik statsallmenning heilt tilbake til 1980 og fram til siste slepp i 2011. Det er no ynskje om at ein går gjennom tidlegare fiskeslepp for å sjå om ein bør supplere i nokre av vatna.

Referat:
Oversikt over tidlegare fiskeslepp vart gjennomgått.
Fjellstyret søkte i 2016 om å sleppe fisk i Tverråvatna og Lengjedalstjødnane nord for Finse. Løyve om utsett frist for fiskeslepp er innvilga av Hordaland Fylkeskommune, så ein treng ikkje å sende inn ny søknad.

Leiar kom med framlegg om å sleppe fisk i Runvatnet, Ripsetjørnane og Inste Dyraholahvatnet i tillegg til vatna nord for Finse. Leiar har vore i kontakt med Statkraft Sima om kjøp av yngel komande summar.

Framlegg til vedtak:

Det vert sett ut aureyngel i fyljande vatn sumaren 2018

Vatn:	Tal fisk	Fisken kjem frå
Tverråvatni Nord	200	Fjellfisk Hol
Tverråvatni Sør	200	Fjellfisk Hol
Lengjedalstjødnane Aust	100	Fjellfisk Hol

Lengjedalstjødnane Vest	100	Fjellfisk Hol
Rundavatnet	500	Statkraft Sima
Reipsetjødnane	600	Statkraft Sima
Inste Dyraholahvatnet	300	Statkraft Sima

Vedtak:
Samrøystes

Sak 14/18 Revidert samjaktavtale – Øvre Numedal fjellstyre

19.03.18

Saksdokument:
Revidert samjaktavtale

Saksutgreieng:
Ulvik fjellstyre har i fleire år hatt samjaktavtale med Øvre Numedal fjellstyre. Avtalen har gitt jegerar frå Ulvik moglegheita til å jakta i Øvre Numedal statsallmenning nord for Lågenvassdraget og sør for Lågenvassdraget frå Eidfjord grense i vest til Langebuåni i aust.
Dette er ein avtale som Ulvik fjellstyre er særslig glad for å ha, og me ynskjer å vidareføra avtale med nokre små justeringar. Den nye ordlyden i punkt 2 i avtala vert fyljande:

Som vederlag skal Øvre Numedal fjellstyre ha slikt tal for kvar jeger frå Ulvik:

- 2 kort for kvar jeger ved fellingskvote på 4000 dyr eller mindre.
- 3 kort for kvar jeger ved fellingskvote på mellom 4001 - 7000
- 4 kort for kvar jeger ved fellingskvote på 7001 eller fleire.

Framlegg til vedtak:
Ny avtale vert godkjend som den føreligg signert, 14.03.18 av Hans Jørgen Jahren i Øvre Numedal fjellstyre.

Vedtak:
Samrøystes

Møtet slutt 19.00